

Fra: Sande Ole-Jakob [<mailto:ojs@nve.no>]

Sendt: fredag 9. februar 2018 10:55

Til: post@stranda.kommune.no <<mailto:post@stranda.kommune.no>>

Emne: NVE sitt generelle innspel - Varsel om planoppstart - Detaljreguleringsplan for gangvei langs Fv 60 ved Sløgstadmarka - Stranda kommune

Viser til varsel om planoppstart datert 11.01.2018.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde innanfor saksområda flaum- og skredfare, ålmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (pbl).

Flaum, erosjon og skred

God arealplanlegging er det viktigaste virkemiddelet for å førebygge skader frå flaum, erosjon og skred. Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK17) set tydelige krav til tryggleik mot flaum, erosjon og skred ved planlegging og utbygging. På reguleringsplannivå vil det ofte være trong for ei detaljert fagkyndig utgreiing av reell fare. Omsyn til klimaendringar skal også vurderast.

Vassdrag- og grunnvasstiltak

Det er store allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn. Tiltak som kan føre til skader eller ulemper for allmenne interesse, kan utløyse konsesjonsplikt etter Vassressurslova (vrl). NVE kan avgjere at reguleringsplan kan erstatte konsesjon, dersom vassdragsinteressene er godt nok ivareteke i planen.

Energianlegg

Eit velfungerande system for produksjon og overføring av energi er avgjerande for samfunnet. Planen må derfor ta omsyn til anlegg som har konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga.

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](https://www.nve.no/karttjenester/) <<https://www.nve.no/karttjenester/>> viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](http://publikasjoner.nve.no/veileder/2017/veileder2017_02.pdf) <http://publikasjoner.nve.no/veileder/2017/veileder2017_02.pdf> skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](http://publikasjoner.nve.no/retningslinjer/2011/retningslinjer2011_02.pdf) <http://publikasjoner.nve.no/retningslinjer/2011/retningslinjer2011_02.pdf> skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekklister for reguleringsplan](http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201403352/2213145) <<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201403352/2213145>> kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy finnast på www.nve.no/arealplan <<http://www.nve.no/arealplan>>.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Dersom planen har følgjer for NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlige regionale

interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. **Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta.** Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til rv@nve.no <<mailto:rX@nve.no>>.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201403352/2180465) <<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201403352/2180465>>.

Vi ber difor om at det vert skrive tydeleg i oversendingsbrevet til NVE kva ein ønskjer bistand til i den enkelte saka.

Med helsing

Ole-Jakob Sande

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30

E-post: ojs@nve.no <<mailto:ojs@nve.no>>

Web: www.nve.no <[blocked::http://www.nve.no/](http://www.nve.no/)>



NVE